

Viktig informasjon om NAV i Koronasituasjonen til arbeidsgjevarar og berørte tilsette i kommunane i Sunnfjord, Kinn, Høyanger, Askvoll, Fjaler og Hyllestad;

Les digital informasjon først

Vi oppfordrar alle arbeidsgjevarar til å halde seg oppdatert på våre nettsider.

Viktige lenker:

- [Forsiden – nav.no](#)
- [Koronavirus – informasjon fra nav.no](#)
- [Permitteringer – informasjon til arbeidsgivere](#)

Varsel om permitteringer skal meldes til NAV

Skjemaet [NAV 76-08.03](#) sendast til nav.forde@nav.no.

Informasjon og råd til tilsette som blir permitterte

Tilsette med permitteringsvarsel skal ikkje henvende seg til sitt lokale NAV-kontor. Dei finn oppdatert informasjon på nav.no. Det er viktig at arbeidsgjevarar sørger for at tilsette får den nødvendige dokumentasjonen frå arbeidsgjevar, slik at NAV får til en smidig behandling av søknader om dagpengar.

Viktige vedlegg som arbeidstakaren må ha med i søknaden:

- Permitteringsvarsel

Permitteringsvarselet må innehalde følgande: skal være datert, angje varselfrist, permitteringsårsak, permitteringsgrad, permitteringsperiode og at det føreligg underskriven protokoll på at vilkår for permittering er oppfylt.

- Arbeidsavtale eller stadfesting på arbeidsforhold

Stadfesting på arbeidsforhold må innehalde følgjande: når begynte vedkommande i jobben, stillingsprosent, eventuell informasjon om variabel arbeidstid/skift/turnus/rotasjon

Døme på stadfesting av arbeidsforhold:

Ola Nordmann har vore tilsett hos Bedrifta som økonomimedarbeidar sidan januar 2008. Han har hatt 100 prosent stilling til dags dato med ordinære arbeidstider.

Kort rettleiing for registrering som arbeidssøklar hos NAV

1. Gå til [nav.no](#)
2. Klikk på «[Hva er din situasjon](#)»
3. Klikk på «[Er du arbeidssøker eller permittert?](#)»
4. Velg din situasjon
5. Registrer deg – ha tilgjengeleg BankID/BankID på mobil
6. Søke dagpengar: Klikk på [Skjema og søknad](#) på forsida. Her finn ein framgangsmåte steg for steg.
7. Registrere [CV på arbeidsplassen.no](#)

- Rettleiingsvideo: [CV og jobbprofil på arbeidsplassen.no](#)

For arbeidsgjevarar som treng bistand utover dette:

Ring Arbeidsgjevartelefonen til NAV tlf. 55 55 33 36.

Bedrifter i kommunane Sunnfjord, Kinn, Høyanger, Askvoll, Fjaler og Hyllestad kan også henvende seg via nav.forde@nav.no, vi tek kontakt så snart som råd.